

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2023

FJORD KOMMUNE

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak eigd av Aukra kommune, Aure kommune, Averøy kommune, Fjord kommune, Giske kommune, Gjemnes kommune, Hustadvika kommune, Kristiansund kommune, Molde kommune, Rauma kommune, Rindal kommune, Smøla kommune, Stranda kommune, Sula kommune, Sunndal kommune, Surnadal kommune, Sykkylven kommune, Tingvoll kommune, Vestnes kommune, Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for eigarkommunane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund med avdelingskontor i Molde og Ålesund.

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har i tråd med tidlegare praksis (Komrev3 IKS), og etter avtale med Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS, gjennomført risiko og vesentlegvurdering av verksemda i kommunen. Dette er meint som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon (FR).

Dette dokumentet summerer opp resultatane frå vår gjennomgang av verksemda i kommunen for å identifisere risikoforhold som kan danne grunnlag for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

I avsn. 1.2 blir det vist korleis vi har forsøkt å antyde risikonivå. Det er ikkje enkelt å dele opp vurderingane i tabellar slik det er gjort her, og det blir subjektivt kor vesentleg noko er. Fargebruken er difor heller ikkje nødvendigvis heilt konsistent. Hovudføremålet har uansett vore å forsøke å få fram opplysningar og innspel til dei vurderingar som Kontrollutvalssekretariatet og Kontrollutvalet skal gjere i arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon.

Fjord kommune vart etablert 01.01.2020, og det er mange rutinar, retningslinjer med vidare som formelt ikkje er på plass. Det skal og etablerast felles praksis. Det er difor vanskeleg å konkludere på dei forskjellige risikoområda no. Vi rår difor til at det blir vurdert å vedta ein plan med eit prosjekt (og fullmakt til KU til egne vurderingar), og at ein heller vurderer ei kort rullering av Risiko- og vesentlegvurderingane rundt årsskiftet 2021/2022 når meir er på plass, og også statistikk med vidare er klart for den nye kommunen.

Det er m.a. gjennomført ei spørjeundersøking til medlemmar i formannskapet i samband med dette arbeidet. Svarprosenten var ikkje høg, men dei som svarte tok fram administrativ organisering som eit mogleg tema for forvaltningsrevisjon.

Ålesund, 28.08.2020

INNHALD

1 Innleiing	6
1.1 Forvaltningsrevisjon.....	6
1.2 Risiko og vesentlegvurdering (ROV).....	7
1.3 Kvalitetsstyring og internkontroll.....	8
1.4 Det kommunale plansystemet.....	8
1.5 Kjelder	9
2 Kort om fjord kommune	10
2.1 Politisk organisering	11
2.2 Administrativ organisering.....	12
2.3 Økonomiske nøkkeltal.....	12
3 Kommunale tenester – sektorovergripande område	14
3.1 Intern kontroll og system for avvik	14
3.2 Openheit og innsyn	15
3.3 Arkiv og dokumentasjon	16
3.4 Digitalisering.....	16
3.5 Saksbehandling.....	17
3.6 Offentlege innkjøp.....	18
3.7 Offentleg støtte	18
3.8 Etikk og varsling	19
3.9 Informasjonsikkerheit og personvern	19
3.10 Arbeidsmiljø og kompetanse	20
3.11 samfunnssikkerheit og beredskap.....	21
4 Kommunale tenester - sektorar	23
4.1 Barnehage	23
4.2 Grunnskule	24
4.3 Helse	25
4.4 Barnevern	26
4.5 Pleie og omsorg	27
4.6 Psykisk helse og rus	29
4.7 NAV sosialteneste	29
4.8 Kultur.....	30
4.9 Teknisk	31
4.10 Miljø	35

5 Vedlegg.....	37
Statistikk og nøkkeltal	37
Befolkning, befolkningsendring og befolkningsutvikling	37
SSB KOSTRA.....	39
Kjelder.....	47

1 INNLEIING

1.1 FORVALTNINGSREVISJON

Jf. Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 § 23-2 skal kontrollutvalet som sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen og i selskap som kommunen har eigarinteresser i. Kontrollutvalet skal og sjå til at det blir ført kontroll med forvaltinga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. Dette blir omtala som eigarskapskontroll.

Plan for forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3, 2. og 3. ledd går det fram følgande om plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er ein del av kommunen sin eigenkontroll, og kommunestyret sin kontroll med forvaltinga i kommunen. Forvaltningsrevisjonen har som rolle å undersøke om kommunen si verksemd skjer i tråd med gjeldande lover og regler og kommunen sine eigne planer og vedtak. Fokus kan og rettes mot effektivitet og kvalitet i produksjonen av velferd for kommunens innbyggjarar.

Forvaltningsrevisjon vert definert slik i kommunelova §23-3, 1.ledd:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet:

- Synleggjere muligheter til økt produktivitet og måloppnåing
- Få fram styringsinformasjon til avgjersletakarane i kommunen
- Bidra til læring og forbetring i organisasjonen
- Bidra til kommunen sin eigenkontroll

Plan for eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll blir definert slik i §23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunes eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Plan for eigarskapskontroll skal vere basert på ei eiga ROV av kommunen sitt eigarskap. Dette dokumentet inneheld ikkje ei slik vurdering, men dette blir å kome attende til i eige dokument etter avtale med KU-sekretariatet. Eventuelle planlagde forvaltningsrevisjonar av kommunale selskap skal no innarbeidast i plan for forvaltningsrevisjon. Tidlegare gjekk desse fram i det som heitte «Plan for selskapskontroll». Vi har forstått det slik at det er ønskeleg å innarbeide slike planlagde revisjonar i plan for forvaltningsrevisjon i etterkant når ROV for kommunen sitt eigarskap ligg føre.

1.2 RISIKO OG VESENTLEGVURDERING (ROV)

Det er rimeleg at ei ROV, som igjen skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevisjon, tek utgangspunkt i anerkjent teori og metode. Vi legg til grunn det såkalla COSO¹-rammeverka som er utarbeidd med tanke på leiing og styring i alle typar verksemder, og som kan brukast både i privat og offentleg sektor. Desse rammeverka har fått som status som beskriving av beste praksis på området risiko- og risikostyring.




Med risiko forstår vi faren for at det kan oppstå avvik/hendingar i høve til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar. Kontrollutvalet må ut frå skjøn vurdere dei ulike områda (hendingane) opp mot kvarandre og avgjere kva som er dei mest vesentlege.

Risikovurderingane er knytt til:

- Vurdering av kor sannsynleg det er at risikofaktoren inntreffer
- Vurdering av konsekvens dersom risikofaktor inntreffer

I risikovurderingane blir det teke omsyn til eventuelle tiltak som leiinga i kommunen har sett i verk for å redusere at risikofaktoren skal inntreffe og redusere konsekvensen dersom risikofaktoren inntreffer.

Vi bruker farger for å antyde eit risikonivå. Fargene som blir nytta er grøn (lav), gul (middels) og raud (høg). Vi har vidare valt å bruke ein tabell der valde risikofaktorar blir vurdert i høve sannsynlegheit og konsekvens. Tabellen som blir nytta i rapporten er:

Risikofaktorar	Bakgrunn for risikovurdering		Risiko-vurdering L = lav M = medium H = høg		Risikonivå
	Sannsynlegheit for at risikofaktor inntreffer	Konsekvens om risikofaktor inntreffer	Sannsynlegheit	Konsekvens	
Område					
			M	H	
Teneste					
			L	M	
Oppgåve					
			L	L	

Risiko er at det skjer noko som gjer at kommunen ikkje når sine målsetnader. Risikofaktorar er mulige hendingar som kan gjer til at kommunen ikkje når sine målsetnader. Analysen set opp risikofaktorar som er vesentlege for om kommunen når sine mål.

¹ COSO-Committee of Sponsoring Organizations of Treadway Commission.

Konsekvensane kan ha følger for eigen verksemd i kommunen og/ eller innbyggerane i kommunen. Det vil alltid vere ei viss risiko for at kommunen ikkje når sine mål, men mykje av denne risikoen har både lav sannsynlegheit og lav konsekvens.

Som nemnt i forordet er det ikkje lett å låse vurderingane i ein slik forenkla tabell. Fargebruken vil difor ikkje nødvendigvis vere heilt konsistent gjennom dokumentet.

1.3 KVALITETSSTYRING OG INTERNKONTROLL

Kommunedirektøren har eit ansvar for å etablere og følge opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsystem. Dette skal gjerast gjennom system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg styring, måloppnåing og etterleving av reglar.

I COSO-modellen er risiko og vesentlegvurdering ein integrert del. Internkontroll er her å forstå som ein kontinuerleg prosess i organisasjonen. COSO er mellom anna omtalt i KS: *Rådmannens internkontroll, Hvordan få orden i eget hus?*

COSO-rammeverket er sett saman av tre målsetnader og fem komponentar. Desse blir knytt opp til ulike arbeidsprosessar i verksemda.

Dei tre målsetnadane definerer internkontrollen sitt virkeområde(r):

- Målretta og kostnadseffektiv drift
- Påliteleg rekneskapsrapportering
- Halde lover og regler

Dei fem komponentane representerer rammeverket sin arbeidsmetodikk:

- Kontrollmiljø
- Risikovurderingar
- Kontrollaktiviteter
- Informasjon og kommunikasjon
- Leiingsmesse oppfølging og overvaking


Komponentane fortel kva som bør leggast vekt på og korleis ein kan gå fram for å sikre god internkontroll over arbeidsprosessane.

1.4 DET KOMMUNALE PLANSYSTEMET

Kommunar har ulike styringsdokument som blir nytta til å planlegge, utarbeide tiltak, og for å evaluere verksemda og tenesteytinga. Kommunane er pålagde gjennom lov å utarbeide ein samordna plan for kommunen si verksemd og ei kontinuerleg planlegging og samordning av kommunen si fysiske, økonomiske og kulturelle utvikling. For å tilfredsstille krav i lova er det i samband med kommuneplanarbeidet utvikla eit eige plansystem. Dette slik at kommunestyret skal kunne ha eit styringsverktøy som på bakgrunn av oppnådde resultat (årsmelding) gir grunnlag for å kunne styre kommunen i ei ønska retning.

Handlingsprogrammet vil vise korleis fagområda skal følge opp kommuneplanen og er konkretisert med kortsiktige periodemål basert på dei langsiktige måla i kommuneplanen. I tillegg skal

Økonomiplanen vise korleis kommunen skal følge opp planstrategien med endelig prioritering av når planoppgåvene skal gjerast og tildeling av ressursar.



Figur: Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet
Kjelde: Miljøverndepartementet sin rettleiar i planstrategi

Årshjulprosessen handlar om korleis arbeidet med dei ulike plandokument og prosessar skal fasast inn i høve til kvarandre. Dette kan vere i forhold til ulike rapporteringar og i forhold til politisk behandling gjennom kalenderåret. Hensikta er å sikre at ulike prosessar blir gjennomført effektivt og til rett tid.

1.5 KJELDER

I tillegg til å ha gått gjennom ei rekkje skriftlege kjelder og statistikk mv (sjå oversyn i eige vedlegg), er det gjennomført:

- Dialogmøte med Kontrollutvalet
- Møte med Kontrollutvalssekretariat
- Intervju med rådmann og økonomisjef
- Spørjeundersøking til formannskapet
- Spørjeundersøking til einingsleiarar

2 KORT OM FJORD KOMMUNE

Det var 2 549 innbyggjarar i Fjord kommune 01.01.2020.


Det var 466 personer sysselsatt i kommunal sektor i Norddal og Stordal kommunar i 2018. Desse var fordelt på 310 årsverk (N194, St116): 141 i helse og omsorg (N88, St 53), 72 i grunnskule (N45, St27), 28 i barnehage (N18, St10), 54 i administrasjon (N35, St19), 5 i kultur (N4, St1), 2 på tekniske tenester (N1, St1) og 8,5 i kategorien anna (N3.5, St5).

På heimesida til kommunen er det delt i følgende tenesteområde:

- Barnehage og skule
- Helse, sosial og omsorg
- Teknisk, plan og byggesak
- Kultur, idrett og fritid
- Næring, landbruk og miljø
- Andre tenester

SSB hadde følgende oversikt over korleis utgiftene i Stordal kommune fordelte seg på utvalde område i 2018:


Utgifter etter utvalgte områder



Kilde: Kommuneregnskap, Statistisk sentralbyrå

Tilsvarende for Norddal:

Utgifter etter utvalgte områder



Kilde: Kommuneregnskap, Statistisk sentralbyrå


2.1 POLITISK ORGANISERING

Kommunestyret består av 23 representantar, og er det øvste organet i kommunen. Formannskapet består av 7 representantar og har også funksjonar som m.a. klagenemnd og valstyre. Kontrollutvalet har 5 medlemmar. Det er i tillegg fleire råd og utval som Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsråd.

Det er utarbeidd egne reglement for politiske råd og utval. Det er og utarbeidd delegeringsreglement. Reglementa gir reglar og oversyn over ansvarsområde og mynde til å gjere vedtak

2.2 ADMINISTRATIV ORGANISERING

Det administrative organisasjonskartet til Fjord kommune ser slik ut:



2.3 ØKONOMISKE NØKKELTAL

KOSTRA (KOMMune-STAT-RAPportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og stilt saman for å gi relevant informasjon til styrande organ både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal gi betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og mellom anna gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål blir nådd.

Under følger nøkkeltal for Stordal og Norddal henta frå KOSTRA:

Nøkkeltall	Stordal			Kostra- gruppe 04	Norrdal			Kostra- gruppe 06	Landet uten Oslo
	2017	2018	2019	2019	2017	2018	2019	2019	2019
Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-1,8	-1,5	-2,6	-1,4	8,9	-2,3	-5,8	-0,5	1,5
Årets mindre/merforbruk i driftsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter	2,1	1	0,4	1,3	-0,7	-1,5	0,2	0,6	1,1
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	43,6	33,9	15,7	23,6	21,4	18,2	5,4	30,2	20,6
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	60,8	67	87,9	25,9	76,7	82	88,8	33,4	48
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter	125,5	122,8	122,7	90,4	128,4	130,5	123,8	92,1	111
Frie inntekter per innbygger (kr)	80 094	81 506	84 523	77 371	72 366	74 604	77 404	83 196	57 316
Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	8,2	6,6	4,1	13	-0,7	-2,3	-1,8	11,6	12
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	13,5	15,9	26,4	24,7	3,3	3,2	4,8	16,9	16,2
Egenfinansiering av investeringene i prosent av totale brutto investeringer	42,8	34,9	59	40,9	99,9	49,6	99,8	39,1	33,8

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter blir brukt som mål på kommunen sin handlefridom, og er ein viktig indikator på om det er økonomisk balanse i kommunen. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi rår til at nivået på driftsresultatet bør vere 1,75 % av brutto driftsinntekter over tid samla for kommunal sektor. Gjennomsnittet for Stordal dei dei siste 5 åra er -2%, og for Norrdal -0,04%. Vekta gjennomsnitt etter tal på innbyggjarar gir eit samla gjennomsnittleg netto driftsresultat på -0,76% dei siste 5 åra.

Det er krav i ny kommunelov om at kommunane skal vedta eigne finansielle måltal. I budsjettokumentet står det: «*Tidleg i 2020 vil administrasjon legge fram sak om økonomiske måltal for Fjord kommune. Eit vedtak om økonomiske måltal vil vere førande for kor mykje det er forsvarleg å gjennomføre i ein periode.*»

Sak om økonomiske måltal er lagt fram til politisk handsaming i august då dette dokumentet blir slutført.

Vi kan ikkje sjå at det ligg føre nytt finansreglement eller økonomireglement for Fjord kommune. Delegasjonsreglement er vedteke i desember 2019.

Tertialrapporten etter 1.tertial 2020 viser eit meirforbruk på 0,4 mill. kroner. Det blir likevel arbeid med omstilling, og der det skal leggjast fram tiltak og plan som synleggjer innsparingstiltak på min. 22 mill. kroner i 2021. Kommunen arbeider med å få nye malar på økonomirapportering.

Av dei som svarte på spørjeundersøkinga til formannskapet var det økonomisk balanse som vart tatt fram som den største utfordringa til kommunen.

I spørjeundersøkinga til einingsleiarar vart også økonomiske rammer og omstilling nemnt som ei av dei største utfordringane framover (i tillegg til rekruttering av rett kompetanse).

3 KOMMUNALE TENESTER – SEKTOROVERGRIPANDE OMRÅDE

3.1 INTERN KONTROLL OG SYSTEM FOR AVVIK

Innhaldet i internkontrollen i kommunane er løfta frem i den nye kommuneloven kapittel 25. Dei nye internkontrollreglane skal i loven og ny forskrift erstatte kommuneplikta i særlovgiving som gjeld i dag. Det er sett i gang eigen prosess med sikte på å oppheve eller endre internkontrollkrav i særlovgivinga. Dei nye reglane om internkontroll i kommunelova trer i kraft når dette er klart. Fram til kapittel 25 trer i kraft gjeld følgande overgangsreglar jf. § 31-3:

- a. *Kommunedirektøren skal sørge for at administrasjonen er gjenstand for betryggende kontroll.*
- b. *I årsberetningen skal det redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll med virksomheten.*
- c. *Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.*

Kommunedirektøren har ansvar for å etablere og følge opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsystem. Dette skal gjerast gjennom system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg styring, måloppnåing og regeletterleving. Risikostyring og internkontroll skal være ein integrert del av ei heilskapleg verksemdstyring.

JF. samtale med kommunedirektør skal Fjord kommune nytte Office 365 (sharepoint) som sitt kvalitetssystem. Sharepoint er ei skyteneste der Fjord kommune bygg sin organisasjon der alle tilsette kan logge seg inn. Alle med lesetilgang og nokon med redigeringstilgang. Struktura som byggast i sharepoint blir nokonlunde lik heimesida til Fjord samtidig som ein får ein mappestruktur som ein elles er vant med på PC. Løysinga vil vere tilgjengeleg på alle plattformer

Kvalitetssystemet har vore organisert i ein mappestruktur på fellesområdet med dei regler, lover og forskrifter som følger med. Dette er ei mellombels løysing og vil bli erstatta av sharepoint.


Avvikssystemet er levert av KF, og har slik vi forstår det kome i drift no i løpet av sommaren 2020.


Årshjul blir utarbeida i excel og powerpoint som eit hjul (under utvikling).

I årsmeldinga til Norddal kommune for 2019 gjekk det fram at ein har implementert Personalhandbok for internkontroll i kommunen

Intern kontroll og avvikssystem vart og nemnt i spørjeundersøkinga til formannskapet som eit sektorovergripande område der det kunne vere utfordringar.

RISIKOVURDERING INTERNKONTROLL OG AVVIKSSYSTEM

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Internkontrollen er ikkje tilfredsstillande	Det blir arbeidd med nye måtar å organisere internkontrollen. Vanskeleg å vurdere før dette er på plass.	Innbyggerne kan få for dårlege tenester eller ikkje få tenester dei har krav på. Kommunen kan få svekka omdøme.	M	M	

Avvikssystem er ikkje tilfredsstillande	Det blir arbeid med nytt kvalitets/avvikssystem. Vanskeleg å vurdere før dette er på plass, men det ser ut til å vere fokus på dette arbeidet.	Feil blir ikkje retta. Kommunen lærer ikkje av sine feil.	M	M	
---	--	---	---	---	---

3.2 OPENHEIT OG INNSYN

Openheit og innsyn er sentrale føresetnadar for eit fungerande demokrati. Offentleglova og kommunelova sine regler om møteoffentlegheit skal legge til rette for at kommunane si verksemd er open og gjennomskiktig. På den måten blir informasjons- og ytringsfridomen, den demokratiske deltakinga, rettssikkerheita for den enkelte og allmenta sin kontroll sikra.

Fjord kommune har starte med ny heimeside. Kontaktinformasjon ved behov for tenester er etter vår vurdering relativt lett tilgjengeleg. Det er mogleg kontaktinformasjon til politikarar kunne vore meir tilgjengeleg, men det ligg uansett tilgjengeleg kven som sit i kommunestyre, råd og utval.



Alle sakspapir til politiske møte (med vedlegg) kan no hentast lett ut. Det ligg dokument tilgjengeleg tilbake i tid for dei gamle kommunane.

Postliste er og tilgjengeleg på nett, og her kan ein og søke etter dokument, men berre på ein og ein dag. Det vanlege bør no vere at dette kan søkast etter utan at ein vei dokumentdato. Når ein først har kome «inn» i ei sak, kan ein få opp alle offentlege dokument i saka. Dokument som ein finn og som er offentlege ligg opne for innbyggjarane. På rådhuset er det i tillegg service-kontor som kan gi publikumstenester ved betjent skranke og sentralbord.

På forbrukarrådet sin kommunetest kom Stordal i 2019 på 338. plass med 43,6 poeng. Norddal kom på 209. plass med 51,7 poeng. Dette er ein test på kor gode kommunane er til å hjelpe folk som har spørsmål om ulike kommunale tenester.

«Pressens offentlighetsutvalg» utarbeidde i 2018 ein openheitsindeks for norske kommunar. Undersøkinga baserte seg delvis på korleis eit krav om innsyn vart handtert, og delvis på kor tilgjengeleg viktig informasjon var kommunane sine heimesider og delvis på eit spørjeskjema til kommunane sjølv. Norddal kommune vart rangert som nummer 78 i landet (17 poeng) og Stordal nummer 54 (18 poeng).

RISIKOVURDERING OPENHEIT OG INNSYN

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Publikum blir ikkje gitt innsyn i dokument.	Postliste og politiske saker er tilgjengelege på kommunen si heimeside, men postliste berre søkbar på journaldato. Lite reglement og planer er lett tilgjengelege.	Innbyggjarane får ikkje informasjonen dei har krav på. Pressen blir hindra i sitt arbeid. Kommunen kan få svekka omdøme.	M	M	
Publikum finn ikkje fram det dei treng om tenestetilbod	Kontaktinfo og søknadsskjema ligg på heimesida. Det er eige servicekontor.	Innbyggjarane får ikkje informasjonen dei treng. Tenester kan bli forseinka. Kommunen kan få svekka omdøme.	L	H	

3.3 ARKIV OG DOKUMENTASJON

Ei gjennomsiiktig forvaltning og innsyn i prosessar og dokument, er ein føresetnad for offentleg diskusjon og dermed for demokratiet. Offentlege organ har plikt til å føre journal mtp den allmenne innsynsretten. Myndigheiter og publikum skal vite at all korrespondanse blir registrert, og at den dermed kan bli spora og overprøvd.



Kommunar og offentlige organ har ansvar for å dokumentere sin eigen aktivitet. I tillegg har arkiva ei samfunnsbetyding for demokratisk aktivitet, forskning og kulturell verksemd. Ein fungerande postjournal og arkivordning er ein grunnleggande føresetnad for å ivareta dette.

Fjord kommune nyttar Acos som saks- og arkivsystem. Det er ikkje utarbeidd arkivplan for Fjord kommune, men arbeid med slik ny plan er sett i gang. Inntil ny arkivplan ligg føre nyttar ein arkivplanen for Norddal kommune som retningsgjevande. Det blir opplyst at arbeidet med ny arkivplan vil bli prioritert, og at lovkrav blir følgde.

Tidlegare var det eit krav i forskrift om restansekontroll/ta ut restanselister 4 gonger i året. Restanseliste er eit oversyn over dokument i sak-/ arkivsystemet som ikkje er avskrivne med f.eks. brev ut, til etterretning e.l. Dette er ikkje lenger eit krav i forskrift, men det er viktig at det blir følgt opp på ein god måte. I Fjord kommune blir det sendt ut påminning til saksbehandlarane kvartalsvis. Dersom det er nokon med mange restansar (over 20 stk) blir det sendt ut liste med kopi til kommunedirektøren.

Fleire eksterne forvaltningsorgan fører tilsyn med kommunane. På arkivområdet blir dette gjort av arkivverket. Arkivverket gjennomførte tilsyn med både Norddal og Stordal kommune i oktober 2016.

RISIKOVURDERING ARKIV OG DOKUMENTASJON

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Arkivering er ikkje tilfredsstillande	Kommunen har arkivsystem som er i tråd med lovkrav og retningslinjer. Arkivplan er ikkje oppdatert for Fjord kommune.	Sakshandsaming blir tilfeldig. Det kan oppstå brot på reglar i arkivlova. Kommunen kan få svekka omdøme.	M	M	
Det blir ikkje gjennomført restansekontroll	Det ligg føre rutinar for restansekontroll	Sakshandsaming blir tilfeldig. Det kan oppstå brot på reglar i arkivlova. Kommunen kan få svekka omdøme.	L	M	

3.4 DIGITALISERING


Digitalisering i offentleg sektor skal bidra til å auke kvaliteten på og effektiviteten i offentleg tenesteyting. Stortinget har eit mål om digitalt førsteval. Dette inneber at nettbaserte tenester skal vere hovudregelen i forvaltninga sin kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv. Ettersom kommunane er ein betydeleg leverandør av offentlege tenester er digitalisering av kommunale tenester avgjerande for å nå målet om et digitalt førsteval. (Meld. St. 27 (2015-2016)).

Kommunen har etter vår vurdering satsa både på velferdsteknologi, digitalisering i skulen, digitalisering innan kultur/bibliotek, bruk av elektroniske skjema og digital sakshandsaming. Det går fram av rekneskapa at det er gjennomført omfattande investeringar på dette området.

I 2018 vart det utarbeidd eigen rapport om digitaliseringsstrategi for Fjord kommune. Det blir peika ut både strategi og konkrete tiltak.

Digitalisering er eit utfordrande område som er i rask utvikling.

RISIKOVURDERING DIGITALISERING

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen gjer ikkje nytte av dei muligheitene som digitalisering gir.	Det er og blir gjennomført ei rekkje digitaliseringstiltak. Har eigen dig.strategi. Eit utfordrande område i rask utvikling.	Sakshandsaming tek lang tid. Kommune driv ikkje effektivt. Kan gi svekka omdøme.	L	M	

3.5 SAKSBEHANDLING

Forvaltningsloven inneheld reglar om korleis offentlege myndigheiter skal handsame saker. Dette er viktige reglar fordi dei gjeld den enkelte sin rett til å få handsama sine saker av offentlege myndigheiter på ein forsvarleg og riktig måte. Lova inneheld reglar om sakshandsaming og sakshandsamingstid, om forvaltninga si rettleiingsplikt, om møter, om forvaltninga si plikt til å skrive ned opplysningar og om å bruke fullmektig eller advokat.


Eit høgt tal på klager kan vere ein indikator på svak sakshandsaming. Ein gjennomgang i KOSTRA av klager i samband med byggesøknader og planer, tyder på at tal på klager ikkje er omfattande.

I svara på spørjeundersøkinga til einingsleiarane går det og fram at det ikkje er eit stor omfang av klager i kommunen, sjølv om klager sjølvsagt førekjem.

I og med at nytt kvalitetssystem ikkje er på plass, og det heller ikkje ligg før arkivplan – er det vanskeleg å vurdere rutiner mv. for saksbehandling. Men saksbehandlingssystemet har implisitte rutinar som er med å sikre sakshandsaminga.

Kommunedirektøren opplyser at ein er i prosess med utarbeiding for malar for rapportering på status for politiske vedtak. Det er tenkt minimum rapportering i samband med årsmeldinga, men det blir og vurdert om det i tillegg skal vere ei halvårleg rapportering.

RISIKOVURDERING SAKSBEHANDLING

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens hvis risiko inntreff	S	K	V
Saksbehandling er ikkje tilfredsstillande.	Kommunen har eit saks- og arkivsystem med malar og rutinar. Ikkje stor omfang av klager. Det skal leggjast fram status for gjennomføring av politiske vedtak. Ikkje vurdert rutinar i kvalitetssystemet.	Innbyggjarane kan få for dårlege tenester, eller ikkje få tenester dei har krav på. Kommunen kan få svakke omdøme.	M	M	

3.6 OFFENTLEGE INNKJØP

Offentlig sektor bruker over 500 milliard kroner kvart år på innkjøp. Dette er midlar som oppdragsgjevarane skal nytte på best mogleg måte for å oppfylle sitt samfunnsoppdrag. Det er potensial for å effektivisere offentlege innkjøp, for å oppnå lågare transaksjonskostnader, betre priser og betre behovsdekning. Samstundes skal offentlege innkjøp også bidra til å løyse viktige samfunnsoppgåver knytt til m.a. klima og kamp mot arbeidslivskriminalitet. Å gjennomføre gode innkjøpe som er i tråd med desse forventningane, er krevjande. Dette krev at ein må profesjonalisere innkjøpa gjennom mellom anna økt satsing på kompetanse, betre styring, leiing og organisering.


Offentlige innkjøp er på grunn av sitt omfang eit viktig strategisk verkemiddel i kampen mot arbeidslivskriminalitet. Offentlige innkjøperar har eit samfunnsansvar, og skal derfor stille krav til lønns- og arbeidsvilkår. Dette bidreg til å sikre arbeidsvilkåra for dei som til dømes bygg skular og sjukeheimar eller yter reinhaldstenester for det offentlege. (Difi).

Norrdal og Stordal kommunar har ikkje hatt saker i KOFA dei siste åra.

Fjord nyttar e-handelssystem i Visma.

Det er ikkje eiga innkjøpsavdeling i kommunen, men Fjord er med i innkjøpssamarbeidet som er i regi av Ålesund kommune. Dette samarbeidet er i stor grad knytt til rammeavtalar. Kommunen tek sikte på å utarbeide eigen innkjøpsstrategi som er basert på innkjøpsstrategien som no blir handsama i Ålesund, men med eventuelle eigne tilpassingar.

RISIKOVURDERING OFFENTLEGE INNKJØP

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Innkjøpa blir ikkje gjort tilfredsstillande	Kommunen deltek i innkjøpssamarbeid. Ikkje saker i KOFA. Ikkje utarbeidd innkjøpsreglement.	Mindre effektiv drift, økonomisk tap og misleg framferd. Svevka tillit og omdøme.	M	H	


3.7 OFFENTLEG STØTTE

EØS-avtalen sett skrankar for mulegheitene norske myndigheiter har til å gi støtte til næringsverksemd. Regelverket om offentlig støtte er under rask utvikling og får stadig større gjennomslag både i Europa og i Norge. For å unngå unødvendige forseinkingar av planlagde støttetiltak, er det viktig med auka kunnskap om regelverket.

Det er utarbeidd retningsliner for tildeling av midlar frå næringsondet, kulturmidlar mv. Vi har forstått det slik at fylkeskommunen frå og med 2020 generelt ikkje gir påfyll til dei kommunale næringsfonda. I Stordal og Norrdal har det vore fokus på næringsutvikling. Vekst i Stordal og Fjordhagen er døme på dette. Regelverket knytt til offentlig støtte er noko ein heile tida må vere merksam på når ein arbeider med næringsutvikling.

Ein må og vere merksam på dette regelverket dersom ein inngår kontraktar med til dømes subsidiert husleige eller andre indirekte måtar støtte kan oppstå på.

RISIKOVURDERING OFFENTLEG STØTTE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen gir ulovleg støtte.	Komplisert regelverk. Har utarbeidd retningslinjer.	Urettferdig. Svekkja omdøme.	M	M	

3.8 ETIKK OG VARSLING

Eitt av formåla med kommunelova er å legge til rette for tillitsskapande forvaltning som bygger på høg etisk standard. Etikk er ein integrert del av all arbeidspraksis. Etikk er dei verdiprioriteringane som ligg til grunn for alle avgjersler eller handlingar.

KS og Transparency International Norge (TI) rår til at kommunane har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde, og at retningslinjene bør vere handsama av kommunestyret. KS og TI anbefalar at dei etiske retningslinjene også blir gjort gjeldande for kommunale føretak. I årsmeldinga skal kommunen skal gjere greie for tiltak som er sett i verk og tiltak som er planlagt sett i verk for å sikre trygg kontroll og en høg etisk standard i verksemda og i kommunale føretak.



Arbeidstakar har rett til å varsle om kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen. Arbeidsgjevar har plikt til å sette i verk tiltak for å legge til rette for intern varsling. KS og Arbeidstilsynet rår til at kommunane utarbeider skriftlige rutinar for dette.

I årsmeldinga til Stordal kommune for 2019 gjekk det fram at:

Stordal kommune har eigne «Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette». Alle nytilsette og nyvalde politikarar vert gjort kjent med reglementet, og kommunen har ein god etisk standard i verksemda.

Fjord kommune har eigen varslingsplakat som er tilsvarende som har vore gjeldande i Norddal kommune.

RISIKOVURDERING ETIKK OG VARSLING

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens hvis risiko inntreff	S	K	V
Kommunen har ikkje tilfredsstillande etisk standard.	Både Norddal og Stordal har hatt etiske retningslinjer.	Svak rettstryggleik for innbyggjarar/tilsette. Kan få misleg framferd og svekkja omdøme.	L	M	
Det blir ikkje lagt til rette for varsling av mislegheiter.	Kommune har prosedyre og system for varsling.	Svak rettstryggleik for innbyggjarar/tilsette. Kan få misleg framferd og svekkja omdøme.	L	M	

3.9 INFORMASJONSSIKKERHEIT OG PERSONVERN

Personvern handlar om retten til privatliv i fred som er eit grunnleggande prinsipp i ein rettsstat. Idealet er at kvar einskild skal ha råderett over eigne personopplysningar. Ny lov om handsaming av personopplysningar (2018) gjennomfører EU si personvernforordning (GDPR) i Norge og gjer personvernforordninga til norsk lov.

Myndighetene si satsing på ein heildigital offentlig forvaltning fører til at informasjonssikkerheit og risikovurdering blir ein sentral del av arbeidet med IKT-system og verksemdprosessar.

Personvernforordninga (GDPR) inneber at kommunar skal gjennomføre og dokumentere at tilsette har gjennomført opplæring i personvern og informasjonssikkerheit. Hensikta med personellsikkerhet er å legge til rette for at tilsette og andre forstår sitt ansvar og er eigna for rolla dei har, slik at risiko for tap, driftsforstyringar, svindel og misbruk blir redusert til eit akseptabelt nivå. Målet er å forhindre tilkomst til, skade på og forstyrning av lokalar, IKT-system og informasjon. Hensikta er å sikre integritet, tilgjengelegheit og konfidensialitet til informasjon som blir handsama for å løyse oppgåvene til verksemda, og til alle driftsmessige og systemmessige IKT leveransar.


Mange kommunar har ei handbok for informasjonssikkerheit. Denne kan bli integrert som eit kapittel i verksemda sine rutinar eller den kan stå for seg sjølv. I tillegg til ei handbok bør det vere overordna retningsliner i form av ein «informasjonstryggleikspolicy» for verksemda. (nettvett.no)

Fjord har rutine for at sjekk/kvalitetssikring av postliste blir gjennomført dagleg av to personar før det blir lagt ut.

Fjord kommune har personvernombod gjennom avtale med Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal (IKA). Det ligg ikkje ute kontaktinfo til vedkommande er lagt ut på heimesida til kommunen. Det er heller ikkje lagt ut informasjon om GDPR og handtering av personopplysningar.

Dei siste åra har ei rekke kommunar tatt i bruk ulike «apper» til kommunikasjon mellom foreldre og tilsette i skular og barnehagar. Det har vore tilfelle der personopplysningar har blitt gjort tilgjengeleg for personar som ikkje skulle ha slik informasjon. Det er viktig at kommunar ved innføring av «apper» eller liknande, sikrar at desse ikkje fører til at sensitive opplysningar blir tilgjengeleg for andre enn dei som har rett til dette.

RISIKOVURDERING INFORMASJONSSIKKERHEIT OG PERSONVERN

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Informasjons-tryggleiken er ikkje tilfredsstillande	Postliste blir sjekka. Ikkje mykje tilgjengeleg informasjon om personvern. Truleg blir dette handtert bra, men vanskeleg å vurdere no.	Sensitive personopplysningar eller opplysningar som er viktige for drift av kommune kjem uvedkommande i hende. Tilsette som har behov for tilgang til informasjon får ikkje dette.	M	M	

3.10 ARBEIDSMILJØ OG KOMPETANSE

Tilhøva på ein arbeidsplass kan innehalde både oppbyggjande og nedbrytande arbeidsmiljø-faktorar. Desse arbeidsmiljøfaktorane bør bli vurdert både enkeltvis og samla med utgangspunkt i mulige innverknader på arbeidstakarens fysiske og psykiske helse og velferd.

Vurdering av arbeidsmiljø er delvis ei subjektiv vurdering. Det er den enkelte si oppleving av eigen arbeidssituasjon som ligg til grunn. Det som er akseptabelt for nokre kan vere uakseptabelt for andre. Derfor behøver ikkje eit arbeidsmiljø vere kollektivt godt/dårlig, sjølv om det for enkelte kan bli opplevd som akseptabelt/uakseptabelt.

Det fins ei rekkje lovfesta krav til arbeidsmiljøet, jf. lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv (arbeidsmiljølova).

Både arbeidsgjevar og arbeidstakar har interesse av at arbeidsplassen er helsefremmande. Friske og motiverte medarbeidarar er ein nøkkelfaktor i gode og effektive bedrifter. For den enkelte betyr ein helsefremmande arbeidsplass betre livskvalitet gjennom økt jobbtillfredsheit og færre jobbrelaterte helseplager.


I spørjeundersøkinga til einingsleiarar går det fram at rekruttering at rett kompetanse er utfordrande i enkelte sektorar/einingar.

Det blir opplyst om at ein gjennomfører medarbeidersamtalar. Kommunen har bedriftshelseteneste og er del av avtale om Inkluderande arbeidsliv.

KS sin statistikk² viser at det i Norddal var ei auke i sjukefråveret frå 8% til 8,7% frå 2018 til 2019 (tal ved utgangen av 3.kvartal begge åra). Tilsvarande for Stordal var det ei auke frå 9,8% til 10,5%. I 2019 var tilsvarande tal for andre kommunar 9,8%.

Ein krevjande omstillingsprosess og diskusjonar om lokalisering mv. kan kanskje vere med på påverke sjukefråvær. I tillegg kan det vere utfordrande å slå saman to kommunar der det kanskje har vore forskjellige kulturar.

RISIKOVURDERING ARBEIDSMILJØ OG KOMPETANSE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Arbeidsgjevaransvaret blir ikkje ivareteke på ein tilfredsstillande måte	Det blir gjennomført medarbeidarundersøkingar og samtalar. IA-bedrift, verneteneste og bedriftshelseteneste. Kommunereform og omstillingsprosess kan vere krevjande. Det blir opplyst at det kan vere krevjande å rekruttere rett kompetanse innan enkelte område.	Kommunen sitt omdøme som arbeidsgjevar kan bli svekka, noko som kan gjere rekruttering og å behalde medarbeidarar vanskelegare.	M	M	

3.11 SAMFUNNSSIKKERHEIT OG BEREDSKAP

Forskrift om kommunal beredskapsplikt pålegg kommunane å arbeide heilskapleg og systematisk med samfunnssikkerheit og beredskap.

Fylkesmannen hadde tilsyn med «Kommunal beredskapsplikt» i Norddal i 2019. Tilsynet avdekte ingen avvik. Det var gitt ein merknad:

- Kommunen bør:
 - o Beskrive/dokumentere betre prosedyre med korleis relevante offentlege og private aktørar har vore invitert og tatt del i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse.
 - o Gå gjennom/revidere risikoakseptkriteria for konsekvens i ROS-analysen.
 - o Forankre langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i overordna planer (samfunnsdel) i den nye kommunen frå 01.01.2020.

² <https://www.ks.no/fravarstall>

- Revidere beredskapsplanen ved neste korsvegen med utgangspunkt i funn/tiltak i handlingsplan til ROS-analysen, for betre å imøtekomme forskriftskrava.


Fylkesmannen hadde og tilvarande tilsyn med «Kommunal beredskapsplikt» i Stordal i 2019. Tilsynet avdekte heller ikkje her noko avvik. Det var gitt same merknad som i Norddal.

Kommunen har etter dette utarbeidd ny Overordna Beredskapsplan som vart vedteken i kommunestyret i mai 2020. Samstundes vart den heilskaplege ROS-analyse vedteken.

Det ligg og mellom anna føre eigen beredskapsplan (og overvaking) for fjellskred frå Hegguraksla. På heimesida til kommunen er det ei eiga side om beredskap, men kriseplanar mv ligg ikkje på denne sida.

I samband med COVID-19 har kriseleiinga fått testa seg i høve beredskap.

RISIKOVURDERING SAMFUNNSSIKKERHEIT OG BEREDSKAP

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen ivaretek ikkje krav til samfunns-sikkerheit og beredskap.	Det ligg føre ROS-analyser og beredskapsplaner mv. Ansvar og oppgåver er bestemt. Planar vart jamleg gått gjennom i dei gamle kommunane.	Hendingar kan føre til unødvendige følgjeskadar som følge av dårleg handtering. Kommunen sitt omdøme kan bli svekka.	L	H	

4 KOMMUNALE TENESTER - SEKTORAR

4.1 BARNEHAGE

Barnehagen skal legge eit godt grunnlag for vidare utvikling og læring. Målet er ein trygg barnehage med kvalifiserte og omsorgsfulle vaksne, ein barnehage der barna kan leike og lære.

Det er krav til kvalitet i barnehagen for at barn skal få ein god start og gode muligheiter til å klare seg vidare i livet. Retten til barnehageplass gjeld for alle barn som er født innan utgangen av november det året det blir søkt om barnehageplass. Barnehagane skal være tilgjengelige for alle barn og uavhengig av foreldra sin økonomi. (Kilde: regjeringen.no)




På barnehagefakta.no finn ein informasjon om barn per tilsett, barn per barnehagelærer, dei tilsette si utdanning og foreldretilfredsheit. Foreldretilfredsheit hausten 2019 (maks 5,0) var for Dalsbygda barnehage 4,9. Syltebøen og Stordal barnehage var det ikkje tal for. Det nasjonale gjennomsnittet var 4,5.

Det blir og gitt informasjon om barnehagane oppfylte pedagognormen per 15.12.2019. Av 3 barnehagar som blir omtalt blir det opplyst at 1 (Stordal barnehage) oppfyller pedagognormen utan dispensasjon.

I KOSTRA går det fram at andel barnehagelærarar i høve til grunnbemanninga var noko høgare i Stordal enn samanliknbare kommunar og landet elles, medan det var tilsvarande var noko lågare i Norddal. Det går vidare fram i KOSTRA at andel barn 1-5 år som går i barnehage var om lag på same nivå i Norddal som samanliknbare kommunar og landet elles, medan det var litt lågare i Stordal.

Andel barn i barnehagar som får spesialpedagogisk hjelp var ein del høgare i Stordal enn samanliknbare kommunar, medan tal ikkje går fram i Norddal. I små kommunar skal det lite til for at det blir utslag på denne statistikken.

RISIKOVURDERING BARNEHAGE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Barnehagane held ikkje økonomisk ramme	Eit lite meirforbruk i 2019. Utfordrande med reduksjon i barnetal.	Barnehagane brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	L	M	
Kvaliteten i barnehagane er ikkje tilfredsstillande	2 av 3 har dispensasjon for å oppfylle pedagognormen. Ikkje gjort funn som tyder på at det ikkje blir gitt dei tenestene som det er krav om.	Barna får ikkje eit kvalitativt godt nok tilbod	L	M	
Kommunen fyller ikkje opp krav om rett til barnehageplass	Full barnehagedekning.	Barn får mindre pedagogisk, sosial og kulturell opplæring enn ønskeleg. Arbeidskraft blir ikkje utnytta. Mindre tilflytting og vekst	L	M	

4.2 GRUNNSKULE

Det er eit mål at skulen skal ha høg kvalitet og gi den enkelte og samfunnet naudsynnte føresetnader for framtidig velferd, verdiskaping og en berekraftig utvikling. Skulen skal bygge på prinsippet om likeverdig og tilpassa opplæring for alle i ein inkluderande skule. Det er eit mål at alle elevar skal oppnå grunnleggjande ferdigheiter og oppleve mestring og utfordring i skulen. (Kilde: regjeringen.no)

I kommunen har ein Eidsdal skule, Valldal skule og Stordal skule. Alle har tilbod om SFO. Vaksenopplæringa ligg til Valldal skule.

Grunnskulen sitt Informasjonssystem (GSI)³ samlar inn store mengder data om grunnskulen i Norge. Der ligg informasjon om: elevtal, årstimar, årsverk, spesialundervisning, språklege minoritetar, målform, framandspråk, fysisk aktivitet, leksehjelp, SFO, valgfag og PPT. GSI for skuleåret 2019-2020 opplyser m.a. at berre 0,4% av undervisningspersonalet i Norddal kommune ikkje oppfylte kompetansekrava for tilsetjing. I Stordal var det 7,5%. Tilsvarende tal for Møre og Romsdal var 5,2% og landet totalt 4,2%.

Det blir gjennomført årlege elevundersøkingar. Det går fram at det ikkje er store forskjellar i læringsmiljø i høve gjennomsnitt landet elles og kommunane i fylket.

Eksamensresultata for 10.klasse skuleåret 18/19 viste at ein var om lag på nivå med landet og fylket, men Stordal låg i hovudsak litt over gjennomsnitta medan Norddal låg litt under.

Det skal årleg utarbeidast den obligatoriske tilstandsrapporten jf. Opplæringslova §13-10 (sist i 2019). Norddal kommune gjorde det i 2019, medan dette sist vart gjort i Stordal i 2018. Fjord kommune har ikkje utarbeidd dette i 2020, men tek sikte på å leggje den fram til kommunestyret i november/desember.




Det har i 2020 vore tilsyn med «Skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø – Fjord kommune – Valldal skule». Konklusjonen var at skulen oppfylte regelverket innanfor dei områda tilsynet omfatta.

Fjord kommune kjøper tenester til PPT frå Ålesund kommune. Når det gjeld KOSTRA-tal for spesialundervisning mv. gjer små tal at det er vanskeleg å samanlikne. Tal for nye Fjord kommune vil gjere dette enklare

KOSTRA viser at det netto driftsutgifter til skule i prosent av samla netto driftsutgifter er om lag som for samanliknbare kommunar.

³ <https://www.gsi.udir.no/>

RISIKOVURDERING GRUNNSKULE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Skulane held ikkje økonomisk ramme	Skulane heldt økonomisk ramme i 2019	Skulane brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	L	M	
Kvaliteten i grunnopplæringa er ikkje tilfredsstillande	Det blir utarbeidd tilstandsrapportar. Det er ikkje gjort funn som tyder på at det ikkje blir gitt dei tenestene elevane har krav på.	Elevane får ikkje tilfredsstillande læringsutbytte	L	H	
PP tenesta fungerer ikkje tilstrekkeleg	Kjøp av tenester. Vanskeleg å vurdere med små tal.	Elevane får ikkje dei PP-tenestene dei har krav på og det gir lågare læringsutbytte	M	M	
Kvaliteten i vaksenopplæringa er ikkje tilfredsstillande	Det er ikkje gjort funn som tyder på at det ikkje blir gitt dei tenestene elevane har krav på.	Svak utnytting av den enkelte sine evner, og kan gjere integrering vanskelegare.	L	M	

4.3 HELSE

Kommunane har ansvar for å sørge for gode og forsvarlege helsetenester til alle som treng det, uavhengig av alder eller diagnose. Staten har ansvar for å sikre like rammevilkår gjennom regelverk og økonomiske rammer. Staten har også ansvar for å føre tilsyn og kontroll.

Alle som er busett i ei norsk kommune, har rett til å stå på liste hos ein fastlege. Vi har god legedekning med færre innbyggjarar per fastlege enn mange andre land. Statistikken viser at kommunane har lukkast med å rekruttere fleire fastleger enn befolkningsveksten tilseier, men arbeidsoppgåvene har blitt fleire for legene. (Kilde: regjeringen.no)





KOSTRA-tala er mangelfulle for Stordal og Norddal når det gjeld andel heimebesøk utført at jordmor innan 3 døgn etter heimkomst frå fødeavdeling. Det er berre Stordal som har tal for dette i 2019 med 14,3%. Dette er ein god del lågare enn landet utanom Oslo (47,4%).

Kostratal for helsesjukepleiarar i denne tenesta kan og vere mangelfulle, men det ser ut til at det er eit lågt tal på helsesjukepleiarar i denne tenesta sett i høve til både samanliknbare kommunar og landet utanom Oslo.

KOSTRA viser at gjennomsnittlig listelengde for legane i Stordal (812 pasientar) er noko høgare enn samanliknbare kommunar (699). I Norddal er listelengden noko lågare (449) enn samanliknbare kommunar (572). Dette er uansett lågare enn landet utanom Oslo (1049).

Helsetenesta i Stordal hadde eit lite meirforbruk i 2019, medan helsetenesta i Norddal hadde eit meirforbruk på i underkant av 1 mill. kroner. Mykje av dette skuldast innleige av legetenester der det no er gjort tilsettingar.

RISIKOVURDERING HELSE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Helsetenesta held ikkje økonomisk ramme	Meirforbruk i 2019 då det var omorganisering. Usikkerheit rundt Covid19.	Helsetenesta brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Kvaliteten i førebyggjande helsetiltak i helsestasjonen er ikkje tilfredsstillande	Statistikk og innhenta informasjon tilseier at innbyggjarane får dei tenestene dei har krav på.	Mor og barn får ikkje dei førebyggjande helsetenestene dei har krav på.	L	M	
Kvaliteten i førebyggjande helsetiltak i skulehelsetenesta er ikkje tilfredsstillande	Auka kapasitet. Ikkje funne indikasjonar på at det ikkje blir levert forsvarlege tenester.	Innbyggjarane får ikkje helsetenestene dei har krav på.	L	M	
Legedekninga i kommune er ikkje tilfredsstillande	Lav listelengde. Ingen pasienter står på liste utan lege. Lav stillingbrøk på kommuneoverlege.	Innbyggjarane får ikkje helsetenestene dei har krav på.	L	M	

4.4 BARNEVERN

Barnevern har som hovudoppgåve å sikre barn og unge sine oppvekstvilkår.

Barnevernet skal beskytte barn mot omsorgssvikt og motverke at barn lider fysisk og psykisk overlast. Blir barnevernet kjent med slike forhold, har det ei lovbestemt plikt til straks å undersøke korleis barnet har det, og om nødvendig sette i verk tiltak. Jf. barnevernlova har barneverntenesta plikt til å gjennomgå ei melding snarast, og om nødvendig, gjennomføre ei nærare undersøking seinast innan 3 mnd. Dersom det er naudsynt å sette i verk tiltak, skal dette bli gjort seinast 6 veker etter at undersøkinga er avslutta. Sidan lovgjeverane ser det som viktig at barna får hjelp i tide, kan kommunen få mulkt dersom fristane ikkje blir haldne.

Barnevernet sitt arbeid er ei blanding av støtte og kontroll. Det skal gi hjelp og støtte slik at heimen skal kunne makte sitt ansvar for oppseding, men det har og plikt til å gripe inn dersom dette ikkje nyttar. (Kjelde: regjeringen.no, Q-0801).

Det var meirforbruk for barnevernet i Norddal i 2019. Rammeområdet som barnevern var ein del av i Stordal kommune hadde samla om lag balanse.


I KOSTRA-tabellen som er vedlagt går det fram at både Norddal og Stordal brukte mindre kroner pr innbyggjar i relevant aldersgruppe enn både samanliknbare kommunar og landet elles. Det går og fram at barn med undersøking eller tiltak pr. årsverk var litt høgare i både Norddal og Stordal enn samanliknbare kommunar. Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månadar var litt betre enn samanliknbare kommunar, og landet elles.

Fjord kommune er med i ei interkommunal barnevernvakt på Sunnmøre. Denne vakta er open heile døgnet, heile året. Hovudoppgåva til den interkommunale barnevernvakta er å hjelpe barn og

familiar i akutt krise. Ålesund kommune er vertskommune for ordninga, og det er inngått avtale om barneverntenesta med Ålesund kommune.

Barnevern var eit av områda som vart trekt fram av Kontrollutvalet i møtet 14.05.20 som aktuelt å sjå nærare på.

RISIKOVURDERING BARNEVERN

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kvaliteten i barnevernet er ikkje tilfredsstillande	Vanskeleg med statistikk i små kommunar. Kan vere både bra og ei utfordring med kontor i anna kommune.	Innbyggjarane får ikkje dei barnevernstenestene dei har krav på.	M	H	

4.5 PLEIE OG OMSORG

Kommunane har ansvar for tenestetilbodet til alle menneske med behov for pleie- og omsorgstenester, utan omsyn til alder eller diagnose.

Kommunane har ansvaret for utbygging, utforming og organisering av eit forsvarleg og godt tenestetilbod til den enkelte som har behov for pleie- og omsorgstenester. Staten har ansvar for å sikre kommunane gode rammevilkår gjennom regelverk og økonomiske rammer og ved å føre tilsyn. Staten skal vidare legge til rette for kommunal planlegging og utvikling i balansen mellom omsynet til eit likeverdig tenestetilbod til alle og tilpassing til lokale forhold og behov.

Omsorgstenestene må bli organisert slik at brukar så langt som mulig kan leve og bo sjølvstendig og ha ein aktiv og meningsfull tilvære i fellesskap med andre. Tenestene skal bli utforma i samråd med brukaren.

Kommunale helse- og omsorgstenester består i hovudsak av ulike former for heimetenester, som for eksempel heimesjukepleie og praktisk bistand, opphald i institusjon, og tilbod om avlastningstiltak, støttekontakt og omsorgsløn. Som ein del av ordninga med praktisk bistand skal alle kommunar ha tilbod om Brukarstyrt personlig assistanse (BPA). Dette er ei alternativ organisering av praktisk bistand etter lov om sosiale tenester. Det er kommunen som avgjer om brukarane skal få organisert tenestene som BPA. Ordninga inneber at tenestemottakaren har eigne faste assistentar som han eller hun har arbeidsleiaransvar for.

Utover dette kan den enkelte kommune ha ordningar og tilbod spesielt tilpassa eigen kommune, som for eksempel matlevering og tryggleiksalarm. (Kilde: regjeringen.no)

Helsetilsynet gjennomførte Tilsyn med helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming i Norddal kommune 2018. I tilsynet blei det avdekt fem avvik:

- Norddal kommune sikrar ikkje forsvarleg gjennomføring av personleg assistanse til alle personar som har ei utviklingshemming
- Norddal kommune sikrar ikkje forsvarleg gjennomføring av helsetenester til alle personar som har ei utviklingshemming
- Norddal kommunen sikrar ikkje at alle tilsette har tilstrekkeleg kompetanse og opplæring til å yte helse- og omsorgstenester til personar som har ei utviklingshemming

- Norddal kommune sikrar ikkje at sakshandsamingsreglane blir følgd ved gjennomføring av tiltak som inneheld bruk av tvang og makt mot personar som har ei utviklingshemming
- Norddal kommune sikrar ikkje at det blir innhenta politiattest kvar gong nye tenesteytarar tek til å arbeide i tenesta hos personar som har ei utviklingshemming

Det er sett i verk tiltak, og avvika er lukka.

Det er i KOSTRA-tala ikkje store avvik samanlikna med samanliknbare kommunar når det gjeld andel av innbyggjarar over 80 år som er bebuarar på institusjon, men det er noko høgare enn landet utanom Oslo. Når det gjeld bruk av heimetenester for same gruppe, er dette litt lågare enn samanliknbare kommunar og landet utanom Oslo.

Fysioterapitimer pr. veke pr. busett i sjukeheim var i 2019 litt lågare i Stordal (0,26) enn i samanliknbare kommunar (0,4) og landet elles (0,41). i Norddal (0,31) var dette som samanliknbare kommunar (0,31).

Legetimer pr. veke pr bebuar i sjukeheim har over tid vore ein del lågare i Stordal enn Norddal, samanliknbare kommunar og landet utanom Oslo.

KOSTRA viser vidare at det har vore stabile tal på kommunalt disponerte bustader pr. 1000 innbyggjarar. Det er ikkje store avvik sett i høve til samanliknbare kommunar, men Stordal har vore litt lågare (20) mot samanliknbare kommunar (26).

Det har samla dei 4 siste åra blitt utgiftsført ca 0,4 mill. kroner til betaling til helseføretaket for utskrivingsklare pasientar. Av dette har ikkje Stordal hatt utgifter til dette, og i Norddal var det i åra 2017 og 2018 det vart størst utgiftsføring.

Stordal rapporterte inn 11,8 mill. kroner i nettoutgifter til ress.krevjande tenester i 2019. Tilskotet for dette er berekna til 6,1 mill. kroner. I 2018 var rapporterte utgifter også 11,8 mill. kroner og tilskotet 6,4 mill. kroner.



Norddal rapporterte inn 7,3 mill. kroner i nettoutgifter til ress.krevjande tenester i 2019. Tilskotet for dette er berekna til 2,6 mill. kroner. I 2018 var rapporterte utgifter 7 mill. kroner og tilskotet 2,5 mill. kroner.





Endringar i brukarar kan gi store økonomiske utslag.

Pleie og omsorg gjekk om lag i balanse i Stordal i 2019. Det var derimot eit meirforbruk i Norddal på heimetenestene.

Det er signalisert at det til tider kan vere vanskeleg å rekruttere rett kompetanse i denne sektoren.

RISIKOVURDERING PLEIE OG OMSORG

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Sjukeheim held ikkje økonomisk ramme	Om lag balanse i 2019.	Sjukeheim brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	L	M	
Kommunen er ikkje tilpassa samhandlingsreforma	Nesten ikkje rekning på utskrivingsklare pasientar dei siste åra.	Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i institusjon dei har krav på. Kommunen kan få økonomiske tap.	L	M	

Kvaliteten i sjukeheim er ikkje tilfredsstillande	Ikkje funne indikasjonar på at det ikkje blir levert forsvarlege tenester.	Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i institusjon dei har krav på.	L	M	
Heimetenestene held ikkje økonomisk ramme.	Meirforbruk i Norddal i 2019. Små endringar i ress.kr. tenester kan gi konsekvensar.	Heimetenestene brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Kvaliteten i heimetenesta er ikkje tilfredsstillande	Ikkje gjort funn som tilseier at det ikkje blir gitt dei tenestene brukarane har krav på.	Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i heimane dei har krav på.	L	M	
Kvaliteten i tilbodet til funksjonshemma er ikkje tilfredsstillande	Ikkje gjort funn som tilseier at det ikkje blir gitt dei tenestene brukarane har krav på.	Funksjonshemma innbyggjarar får ikkje den pleie og omsorg og hjelp dei har krav på.	L	M	

4.6 PSYKISK HELSE OG RUS

Psykisk helse og rus var eit av områda som vart trekt fram av Kontrollutvalet i møtet 14.05.20 som aktuelt å sjå nærare på. Dette var også det området som peika seg ut i spørjeundersøkinga til formannskapet.

Det er lovkrav om at kommunen skal ha psykolog. Fjord kommune har ikkje klart å rekruttere dette, og er i dialog med andre om ei samarbeidsløysing.


Både Norddal og Stordal hadde ruspolitiske handlingsplanar.

Fjord har utarbeidd alkoholpolitiske retningsliner.

KOSTRA-tala for psykisk helse og rus ser ut til å vere mangelfulle for Stordal og Norddal, men det ser ut til at det er gjennomført vidareutdanning i psykisk helsearbeid i høgare grad enn i samanliknbare kommunar, medan det er motsett når det gjeld rusarbeid. Vi forstår det og slik at stilling til psykiatrisk sjukepleiar no har blitt auka.

Vi forstår det slik av samtalar med leiinga at dette er eit område med aukande utfordringar.

RISIKOVURDERING PSYKISK HELSE OG RUS

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kvaliteten ved kommunale tenester innan psykisk helse og rus er ikkje tilfredsstillande	Kan vere utfordrande med arbeid på tvers av einingar. Kommunepsykolog er ikkje tilsett. Ruspolitisk handlingsplan låg føre både i Norddal og Stordal, men ny er ikkje utarbeidd. KOSTRA-tal ikkje fullstendige.	Innbyggjarar med behov får ikkje den hjelpa dei har krav på.	M	H	

4.7 NAV SOSIALTENESTE

Kommunane har ansvar for å sørge for gode og forsvarlege sosialtenester til alle som treng det, uavhengig av alder eller diagnose. Staten har ansvar for å sikre like rammevilkår gjennom regelverk


og økonomiske rammer. Staten har også ansvar for å føre tilsyn og kontroll. NAV skal bidra til å skape eit inkluderande samfunn, eit inkluderande arbeidsliv og ein godt fungerande arbeidsmarknad. Etaten skal ivareta behova til vanskelegstilte grupper og kjempe mot fattigdom, m.a. ved å stimulere til arbeid og deltaking. Etaten har også ansvar for å sikre inntekt ved arbeidsløyse, svangerskap og fødsel, aleineomsorg for barn, sjukdom og skade, uførhet, alderdom og dødsfall. (Kjelde: regjeringen.no)

NAV Sosialteneste i Fjord kommune er organisert gjennom samarbeidsavtale med Ålesund kommune. Det går der fram at det i utgangspunktet er nav.no og kontaktsenter som skal vere prioriterte første kontakt med NAV Ålesund. Eksisterande lokale i Valldal skal nyttast til å gjennomføre avtalte møte med brukarar.

KOSTRA viser at det dei siste åra har vore ein reduksjon i tal på mottakarar av sosialstønad i både Norddal og Stordal.

NAV/Sosialtenesta var eit av områda som vart trekt fram av Kontrollutvalet i møtet 14.05.20 som aktuelt å sjå nærare på.

RISIKOVURDERING NAV

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kvaliteten ved NAV er ikkje tilfredsstillande	Tal på sosialhjelpsmottakarar har gått ned. Utfordrande område. Avtale med Ålesund.	Brukarane får ikkje den hjelp dei treng. Samfunnet får ikkje nytta arbeidskrafta godt nok. Kommunen kan få auka utgifter.	M	M	

4.8 KULTUR

Dei 3 siste åra har netto driftsutgifter som del av totale netto driftsutgifter kvart år vore litt aukande i Stordal og blitt litt redusert i Norddal. I Stordal var netto driftsutgifter pr. innbyggjar og i prosent av totale utgifter litt høgare enn samanliknbare kommunar, medan det tilsvarande var om lag likt med samanliknbare kommunar i Norddal.



Andel born i kulturskolen hadde og tilsvarande mønster med ei auke i Stordal, medan det har vore ein reduksjon i Norddal.

Det er etter vår vurdering eit svært rikt kulturliv i Fjord kommune med ei rekkje lag og organisasjonar.

Kommunestyret har gjort vedtak om igangsetting av arbeid med utarbeiding av kulturminneplan for Fjord kommune.

Det var eit lite mindreforbrukt i Norddal innan kultur i 2019, medan det var eit meirforbruk i Stordal.

RISIKOVURDERING KULTUR

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreffer	Konsekvens om risiko inntreffer	S	K	V
Kultur held ikkje økonomisk ramme	Ikkje store avvik i 2019.	Kultur brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	L	M	
Kvaliteten i kulturtenesta er ikkje tilfredsstillande	God oppslutning om kulturskulen. Stort engasjement frå frivillige lag og organisasjonar. Det blir gitt tilskot.	Mindre kultur og fritidstilbod til innbyggjarane. Dårligare tilrettelagt for språk og leselæring. Mindre attraktiv kommune å bu i	L	M	

4.9 TEKNISK

Teknisk eining i Fjord kommune med ein kommunalsjef er organisert i *Plan og miljø* og *Bygg/kommunalteknikk* med kvar sin leiar, samt *Reinhald*.

TSSN – teknisk samarbeid mellom Stordal og Norddal kommune vart etablert frå 01.01.2011 og har seinare vorte formalisert gjennom permanente avtalar mellom kommunane.

Stordal kommune sin arealdel gjeld perioden 2003 til 2011, medan Norddal kommune sin arealdel er datert 14.04.08, revidert 29.05.09 og 25.06.09. I følge tala frå KOSTRA vart det oppgitt at det ikkje var vedteke reguleringsplaner i 2019 for både Stordal og Norddal, medan det i Norddal vart vedteke 2 i både 2017 og 2018.

Når det gjeld byggesøknadar er det til KOSTRA oppgitt 81, 60 og 44 i sum for begge, respektivt for 2017, 2018 og 2019.

Vi har satt opp ein tabell over nokre viktige indikatorar innan byggesak:

Nøkkeltall	Stordal			Kostra gr. 04	Landet uten Oslo
	2017	2018	2019	2019	2019
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist (dager)	15	14	5	13	18
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (dager)	30	31	..	31	37
Andel av innvilgete byggesøknadar som skjer gjennom vedtak om dispensasjon fra plan (prosent)	..	3	5	4	17
Søknader om nye bygninger i strandsonen som ble innvilget (antall)	0	2	884
Andel av søknader om nye bygninger i LNF-/LNFR-områder som ble innvilget (prosent)	100	95

Nøkkeltall	Norddal			Kostra gr. 06	Landet uten Oslo
	2017	2018	2019	2019	2019
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist (dager)	20	19	21	20	18
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (dager)	15	21	..	34	37

Andel av innvilgete byggesøknader som skjer gjennom vedtak om dispensasjon fra plan (prosent)	13	17
Søknader om nye bygninger i strandsonen som ble innvilget (antall)	85	884
Andel av søknader om nye bygninger i LNF-/LNFR-områder som ble innvilget (prosent)	92	95

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for ordinære byggesaker med tre vekers frist var 5 dagar og 21 dagar for respektivt Stordal og Norddal i 2019. Det er lite omtale av sakshandsaming i årsmeldingane for 2019.

Når det gjeld tilsyn retta mot byggeverksemd der det ikkje er søknadsplikt, er det ikkje oppgitt tall for 2017 og 2018, men det er oppgitt 0 for 2019. Det er vår erfaring at tilsynsarbeidet generelt, har vore noko nedprioritert hos kommunane som følgje av knappe ressursar, men at temaet har ein tilbakevendande aktualitet. Dette var også ein del av forvaltningsrevisjonsrapporten.

I forvaltningsrevisjonsrapporten «Gjennomgang av byggesaksbehandling og kontroll i Norddal kommune» i 2019 vart det gitt følgjande tilrådingar:

Problemstilling 1: Tidsfristar

- Norddal kommune bør formalisere saksgangen i byggesøknader, med flytskjema og nedfelte rutinar.
- Rådmannen bør gjere ei vurdering av behovet for eit nytt IT-system for byggesøknadar.

Problemstilling 2: Dispensasjonspraksis

- Norddal kommune bør formalisere saksgangen i dispensasjonssøknader, med flytskjema og nedfelte rutinar.
- Rådmannen bør gjere ei vurdering av behovet for eit nytt IT-system for handtering av dispensasjonssøknadar. Det er truleg tenleg at denne vurderinga er ein del av ei breiare vurdering i høve til IT-system for alle typar av plansaker.

Problemstilling 3: Tilsyn

- Norddal kommune bør utarbeidde ein tilsynsplan som blir vedteke av kommunestyret.

Fjord brannvesen har avdeling i Eidsdal, Valldal og Stordal med eigne brannkorps. Beredskapen er organisert med deltidstilsette utan fast vaktordning. Her er tilsett brannsjef og varabrannsjef, og det er tett samarbeid med Ålesund brannvesen KF. Det går det fram av årsmelding 2019 for Norddal at:

For brannvern er det ei utfordring å rekruttere deltidsmannskap, med nedgang i folketalet er det færre innbyggjarar som kan ta på seg ei slik oppgåve.

Vidare når det gjeld veg går det fram av KOSTRA at Stordal kommune hadde netto driftsutgifter til kommunale veier og gater per km på 260 167 kr, som er ein god del høgare enn for gruppe 4 med 113 494 kr. For Norddal kommune var dette 182 348 kr mot gruppe 6 med 101 485 kr. Begge kommunane nyttar med andre ord ein god del meir pr km veg enn for samanlikningskommunane.

Når det gjeld eigedom har vi henta ut nokre tall frå KOSTRA:

Nøkkeltall	Stordal			Kostragr. 4	Landet uten Oslo
	2017	2018	2019	2019	2019
Netto driftsutgifter til forvaltning av eiendom per innbygger (kr)	0	192	186	272	299

Areal på formålsbygg per innbygger (m2)	12,15	12,47	12,82	9,40	4,94
Utgifter til vedlikehold per kvadratmeter (kr)	33	27	29	92	101
Utgifter til driftsaktiviteter per kvadratmeter (kr)	94	307	354	536	602

Nøkkeltall	Norddal			Kostragr. 6	Landet uten Oslo
	2017	2018	2019	2019	2019
Netto driftsutgifter til forvaltning av eiendom per innbygger (kr)	599	569	1124	354	299
Areal på formålsbygg per innbygger (m2)	11,79	11,72	11,96	9,86	4,94
Utgifter til vedlikehold per kvadratmeter (kr)	31	42	33	83	101
Utgifter til driftsaktiviteter per kvadratmeter (kr)	375	392	207	588	602

Tala viser at Fjord kommune har mykje areal og nyttar lite pr kvadratmeter til vedlikehald.

Kommunestyret vedtok gebyra innan vatn, avløp og renovasjon for 2020 den 19.12.19 saman med andre betalingssetsa i ei sak 062/19. I saksutgreiinga stod det følgjande:

Framlegg til nye gebyrsatsar teknisk er utarbeidd av eiga arbeidsgruppe.

Arbeidgruppa har bestått av representantar frå teknisk og økonomiavdeling med bistand frå Envidan momentum AS.

Innanfor sjølvkostområda blir der ført egne sjølvkostrekneskap med overføring av årleg overskot/underskot til sjølvkostfond.

I arbeidet er det teke utgangspunkt i rekneskapstal 2018 og 2019 (så langt tilgjengeleg), forventa inntekter og utgifter for 2020, forventa investeringar samt storleik på positive/negative sjølvkostfond.

For gebyrområda vatn, avløp, renovasjon, slam, feiing og saker etter forureiningsregelverket legg ein opp til 100% sjølvkostdekning av tenestene.

På heimesida ligg det eit skriv som forklarar utrekninga av vatn og avløpsavgifta. Det er mellom anna gitt følgjande døme på gebyrutrekning:

Stipulert forbruk - Bustadeigedom (180 m2 BRA x 1,4 m3 /m2 = 252 m3):

Vatn: 1.304 kr + (252 m3 x 12,76 kr/m3) = 4.520 kr

Avløp: 1.489 kr + (252 m3 x 13,34 kr/m3) = 4.850 kr

Målt forbruk - Bustadeigedom (120 m3):

Vatn: 1.304 kr + (120 m3 x 12,76 kr/m3) + 200 = 3.035,2 kr

Avløp: 1.489 kr + (120 m3 x 13,34 kr/m3) = 3.090 kr

Ved rapportering til KOSTRA oppgir ein stipulert årsgebyr der det er mest utbredt, for ein standard bustad på 120 m2. Om måler er mest utbredt gir ein prisen for eit forbruk på 150 m3, inkludert eventuell fast del.

For restavfall 140 liters dunk vart gebyret satt til 2 770 eks mva, som gir 3 462,50 kr inkl mva.

Nøkkeltall	Stordal			Kostra gr. 4	Landet uten Oslo
	2017	2018	2019	2019	2019
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	1 714	2 573	2 573	4 141	3 739
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	2 131	2 131	2 132	3 814	4 142
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	2 578	3 313	3 313	3 074	2 851
Andel fornyet kommunalt ledningsnett, gjennomsnitt for siste tre år (prosent)	2,23	2,11	2,11	..	0,67
Andel fornyet kommunalt spillvannnett, gjennomsnitt for siste tre år (prosent)	0,00	0,00	0,57

Nøkkeltall	Norddal			Kostra gr. 6	Landet uten Oslo
	2017	2018	2019	2019	2019
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	4 807	3 637	3 637	4 490	3 739
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	1 369	1 369	1 419	4 137	4 142
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	3 103	2 631	2 631	3 268	2 851
Andel fornyet kommunalt ledningsnett, gjennomsnitt for siste tre år (prosent)	0,00	0,00	0,00	..	0,67
Andel fornyet kommunalt spillvannnett, gjennomsnitt for siste tre år (prosent)	..	0,00	0,00	..	0,57

Av tabellen les ein at utskiftings av ledningane innan vatn har lagt høgt i Stordal kommune dei siste åra, elles er det rapportert om inga utskifting dei seinare åra. For 2019 var utskiftingstakta for vatn 2,11 %, det inneber ei utskiftstakt der ein i gjennomsnitt fornyar ledningane etter 47 år.




Ei nasjonal utskiftingstakt på 0,67 % for avløp inneber at ein nasjonalt fornyar ledningane etter 149 år. Ein kan her nemne at ei i kommunerekneskapen har ei avskrivning på ledningane på 40 år.

Det er viktig å ha ei god utskiftingstakta slik ein ikkje skyv på desse forpliktinga til framtidige generasjonar. Det synast etter KOSTRA-tala å vere tilfellet for vatn i Stordal.

Av årsmeldinga 2019 i Norddal kommune går det fram at:

Veg og overflatevatn har store utfordringar etter at vi får meir ekstremver

RISIKOVURDERING TEKNISK

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreffer	Konsekvens om risiko inntreffer	S	K	V
Teknisk					
Teknisk held ikkje økonomisk ramme	Stordal hadde eit relativt stort mindreforbruk i 2019 medan det i Norddal var eit meirforbruk.	Teknisk brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
PBO					
Byggesaks-handsaminga er ikkje tilfredsstillande	Påpeikingar i revisjonsrapport. Ikkje fullstendige KOSTRA-tal	Privatpersonar, næringsliv og off. myndigheiter blir forseinka med utbyggingsprosjekt	M	M	
Kommunal eigedom					
Kommunale bygg blir ikkje vedlikehaldne i tilstrekkeleg grad	Stor bygningsmasse og lave utgifter pr kvadratmeter.	Arbeidsmiljøet for tilsette, elevar, og bebuarar blir for dårleg. Kan gi	M	M	

		store utgifter til totalrenovering eller nybygg.			
Veg					
Kvalitet i veg og trafikktenestene er ikkje tilfredsstillande	Ikkje funne indikasjonar på at det ikkje blir levert forsvarlege vedlikehald. Meir utfordringar på overflatevatn med meir ekstremver.	Liv og verdiar kan gå tapt. Kan gi svekka omdøme.	M	M	
Brann					
Kvaliteten i brannberedskap er ikkje tilfredsstillande	Utfordring i rekruttering. Samarbeid med Ålesund.	Liv og verdiar kan gå tapt	L	H	
Vatn og avløp					
Kvaliteten i vannforsyning og avløp er ikkje tilfredsstillande	Høg utskiftingstakt i Norddal på vatn. Ikkje KOSTRA-tal elles.	Innbyggjarane kan få for lav kvalitet på vatn og avløp eller leveransa kan bli broten. Dårlig kvalitet på vatn kan føre til sjukdom	L	H	
Sjølvkostberekningane er feil	Komplisert regelverk. Nyttar Envidan Momentum.	Innbyggjarane betaler feil pris på Vatn og Avløp. Kan gi svekka omdøme.	L	M	
Renovasjon					
Kvaliteten i renovasjonsordninga er ikkje tilfredsstillande	ÅRIM, mykje merksemd og fokus på kva som blir gjort.	Avfall blir ikkje samla inn og/eller handsama på ein forsvarleg måte.	L	M	
Sjølvkostberekningane er feil	Det er god kompetanse om sjølvkost i både ÅRIM og i kommunen.	Innbyggjarane betaler feil pris for renovasjon. Kan gi svekka omdøme.	L	M	

4.10 MILJØ

I dei nasjonale forventningane til kommunal planlegning er signala⁴:

- Berekraftsmåla skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar
- Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelatørar for å realisere FN's berekraftsmål i Noreg
- Berekraftsmåla må bli ein del av samfunns- og arealplanlegginga, og dermed fylkeskommunane og kommunane si verksemd

Satsinga «Berekraftfylket Møre og Romsdal» omfattar alle kommunane i fylket. Alle kommunane i fylket skal kartleggast med 92 indikatorar knytt til dei 17 berekraftsmåla til FN.

I planprogrammet for ny kommuneplan for Fjord kommune er berekraftsmåla framheva.





Fjord er med i interkommunalt samarbeid om beredskap mot akutt forureining, og har i år vedteke oppdaterte vedtekter og beredskapsplan.

⁴ <https://mrfylke.no/om-oss/prosjekta-vaare/utviklingsprosjekt/berekraftfylket-moere-og-romsdal>

Både Norddal og Stordal har hatt Energi- og klimaplanar frå 2010. Arbeid med rullering av dette er sett i gang med sikte på ny kommunedelplan for miljø og klima for perioden 2020-2030. Kommunen er også sertifisert miljøfyrtårn^[1]. (Miljøfyrtårn er ei nasjonal miljøsertifiseringsordning drifta av «Stiftelsen Miljøfyrtårn». Stiftinga vart oppretta i 2003 av sentrale organisasjonar i næringsliv og offentleg forvaltning.)

Tal frå KOSTRA viser at i høve til samanliknbare kommunar og landet utan Oslo, så har både Norddal og Stordal hatt lågare energiutgifter i egne bygg, energiutgifter brukt på fornybare energikjelder var høgare og andel fornybar forbruk av totalt forbruk i egne bygg var høgare. I Norddal var det ein relativt stor del av energibruken som var fjernvarme.

RISIKOVURDERING MILJØ

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen tek ikkje ansvar som miljømyndigheit	Kommunane har miljø og klimaplan frå 2010. Arbeid med rullering er sett i gang.	Materiell skade for innbyggjarane og kommunen, eventuelt også tap av liv.	M	M	
Kommunen si klimatilpassing er ikkje tilfredsstillande	Har tidlegare blitt omtalt i kommuneplanen både til Norddal og Stordal.	Materiell skade for innbyggjarane og kommunen, eventuelt også tap av liv.	M	M	
Kommunen er ikkje førebudd på endring i folketal	Blir omtala i mange dokument. Seinast i årsmeldingane til begge kommunane.	Feil prioritering av kommunen sine ressursar. Stagnasjon i befolkningsvekst. Stagnasjon i skatteinngang.	L	M	
Høgt energibruk i kommunal virksomhet	Kostra tyder på relativt lågt forbruk i høve andre.	Økonomisk tap. Ytterlegare endringar i klima.	L	M	

[1] <https://www.miljofyrtarn.no/>

5 VEDLEGG

STATISTIKK OG NØKKELTAL

BEFOLKNING, BEFOLKNINGSENDRING OG BEFOLKNINGSUTVIKLING

Norddal:

Nøkkeltall	Norddal				Kostra- gruppe 06 2019	Landet uten Oslo 2019
	2016	2017	2018	2019		
Innbyggere (antall)	1663	1670	1645	1612	79357	4674089
Fødte per 1000 innbyggere (per 1000)	7,2	7,8	9,1	3,7	7,4	9,7
Døde per 1000 innbyggere (per 1000)	10,8	7,8	12,8	14,3	12,1	7,9
Netto innflytting (antall) ¹	17	8	-19	-16	-955	18435
Andel skilte og separerte 16-66 år (prosent)	7,9	8	8,2	9	10	10,6
Andel enslige innbyggere 80 år og over (prosent)	73,3	68	64,5	60,5	65,7	61,5
Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkningen i alderen 15-74 år (prosent)	1,1	1,2	0,6	0,9	1,3	1,4
Andel innvandrerbefolkning (prosent)	11,2	11,9	12,3	12,5	16	15,9
Samlet fruktbarhetstall (antall)	1,77	1,74	1,7	1,64

Kjelde: KOSTRA

Stordal:

Nøkkeltall	Stordal				Kostra- gruppe 04 2019	Landet uten Oslo 2019
	2016	2017	2018	2019		
Innbyggere (antall)	1005	972	947	937	14640	4674089
Fødte per 1000 innbyggere (per 1000)	4	4,1	5,3	7,5	9,4	9,7
Døde per 1000 innbyggere (per 1000)	9	10,3	4,2	12,8	11,2	7,9
Netto innflytting (antall) ¹	-10	-30	-26	-5	-124	18435
Andel skilte og separerte 16-66 år (prosent)	8,8	9,3	10,1	9,7	10,4	10,6
Andel enslige innbyggere 80 år og over (prosent)	63,6	65,7	63,9	62,9	62	61,5
Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkningen i alderen 15-74 år (prosent)	1	1,3	1,6	1,6	0,7	1,4
Andel innvandrerbefolkning (prosent)	16,3	15,7	15,8	16,6	23	15,9
Samlet fruktbarhetstall (antall)	1,77	1,74	1,7	1,64

Kjelde: KOSTRA

Befolkningsutvikling 2000-2019 Norddal og Stordal samla, årleg utvikling:

År	Antall innbyggere	Endring fra forrige år		Andel av befolkningen	
		Antall	Prosent	Landet	Eget fylke
2000	3 012			0,067 %	1,24 %
2001	3 024	12	0,40 %	0,067 %	1,24 %
2002	2 929	-95	-3,14 %	0,065 %	1,20 %
2003	2 893	-36	-1,23 %	0,064 %	1,18 %
2004	2 811	-82	-2,83 %	0,061 %	1,15 %
2005	2 824	13	0,46 %	0,061 %	1,15 %
2006	2 804	-20	-0,71 %	0,060 %	1,14 %
2007	2 801	-3	-0,11 %	0,060 %	1,14 %
2008	2 740	-61	-2,18 %	0,058 %	1,11 %
2009	2 770	30	1,09 %	0,058 %	1,11 %
2010	2 831	61	2,20 %	0,058 %	1,13 %
2011	2 783	-48	-1,70 %	0,057 %	1,10 %
2012	2 764	-19	-0,68 %	0,055 %	1,08 %
2013	2 791	27	0,98 %	0,055 %	1,08 %
2014	2 720	-71	-2,54 %	0,053 %	1,04 %
2015	2 719	-1	-0,04 %	0,053 %	1,03 %
2016	2 672	-47	-1,73 %	0,051 %	1,01 %
2017	2 668	-4	-0,15 %	0,051 %	1,00 %
2018	2 642	-26	-0,97 %	0,050 %	0,99 %
2019	2 592	-50	-1,89 %	0,049 %	0,98 %

Kjelde: www.kommuneprofilen.no (bearbeidd)

Befolkningsutvikling med ulike framskrivingsalternativ 2000-2040 (Norddal og Stordal samla):

År	Alternative framskrivinger 2018-204		
	Normal-alternativet	Ingen netto innvandring	Høy netto innvandring
2000	3 012	3 012	3 012
2005	2 824	2 824	2 824
2010	2 831	2 831	2 831
2015	2 719	2 719	2 719
2018	2 642	2 642	2 642
2020	2 607	2 597	2 608
2025	2 447	2 396	2 460
2030	2 301	2 209	2 339
2035	2 190	2 059	2 245
2040	2 057	1 908	2 146

Kjelde: www.kommuneprofilen.no

SSB KOSTRA

BARNEHAGE

Nøkkeltall	Stordal			Kostra- gruppe 04	Norddal			Kostra- gruppe 06	Landet uten Oslo
	2017	2018	2019	2019	2017	2018	2019	2019	2019
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-2 år	70	90	60	77,8	61,9	81,5	86,2	79,9	84,6
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år	90	96,2	79,2	91,8	85,3	90,3	92,5	90,6	92,4
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 3-5 år	96,7	100	92,9	99,4	95,7	97,1	97,4	96,9	97,3
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage	100	100	100	95,9	100	100	100	94,2	49,1
Antall barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehager	4,5	5	3,7	5,2	4,2	4,8	5	4,6	5,7
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning	41,2	53,8	54,8	43,2	27,4	21,3	32,7	33	41,5
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelp	11,1	20	15,8	3,5	:	0	:	3,3	3,9
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehager per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager	100,2	106,7	117,1	87,5	82,4	76,2	70,6	86,7	78,8
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år	115,4	110	71,4	76,1	112,5	50	:	89,5	83
Netto driftsutgifter barnehager i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	8,9	7,9	5,9	10,6	6,3	6,1	6,2	7,8	14,3
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år	184 150	245 654	216 917	177 978	132 529	144 742	145 687	187 076	163 207
Korrigerte brutto driftsutgifter per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager	88,8	100,8	109,8	75,7	73,9	65,2	65,8	75,3	62,7

GRUNNSKULE

Nøkkeltall	Stordal			Kostra- gruppe 04	Norrdal			Kostra- gruppe 06	Landet uten Oslo
	2017	2018	2019	2019	2017	2018	2019	2019	2019
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring	12,7	12,7	14,3	66,6	78,6	95,5	91,9	69,4	36,3
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning	114,2	188,3	219,4	137,6	226,4	167,2	156,3	179,7	139,9
Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norskopplæring (%)	4,5	4,6	7	2	6,4	4,9	4,5	4,8	4,9
Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (%)	9,7	13	9,6	8,6	13,3	13,1	14,1	10	7,8
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn	76,9	:	:	72,7	94,4	66,7	73,1	71,6	75
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn	78,6	100	:	70,3	83,3	90,5	65,4	64,6	68,7
Gruppestørrelse 2	13,5	13,6	10,7	11,4	8,6	10,7	10,4	9,7	15,8
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng	43,9	41,8	45,1	41,6	40,9	44,9	40,5	41,5	41,7
Netto driftsutgifter grunnskolesektor i prosent av samlede netto driftsutgifter	20,4	22,1	23,3	23,2	23,4	23,6	21,3	20,2	23
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor per innbygger 6-15 år	123 529	137 323	171 941	165 787	159 870	164 038	170 091	192 252	117 308

HELSE (OG OMSORG)

Nøkkeltall	Stordal			Kostra- gruppe 04 2019	Norddal			Kostra- gruppe 06 2019	Landet uten Oslo 2019
	2017	2018	2019		2017	2018	2019		
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger	44 943	46 501	48 980	40 089	42 984	46 550	49 523	52 809	28 772
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggere	487,4	512,7	506,7	407,2	516	531,1	531,5	562,8	313,7
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter	32,8	32,7	32,8	31,6	35,1	34,9	34,7	36,7	32,4
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning (%)	71,4	67	64,8	78,8	77,8	75	81,6	73,3	77,7
Årsverk per bruker av omsorgstjenester	0,54	0,59	0,92	0,61	0,73	0,75	0,77	0,67	0,58
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (%)	32,9	..	25,7	28,1	35,2	34,7	31,5	34,7	30,3
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år (%)	50,8	54,4	20,7	45,3	32,1	30,4	32,4	35,1	47,9
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på sykehjem (%)	15,7	18,1	18,6	15	20	16,5	15,3	15,9	11,9
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (%)	100	100	100	100	78,6	78,6	78,6	90,5	91
Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon	3 435	3 325	3 392	4 402	3 180	3 339	3 693	4 143	3 842
Andel private institusjonsplasser (%)	0	0	0	0	0	0	0	0	5,5
Legetimer per uke per beboer i sykehjem	0,25	0,27	0,27	0,55	0,63	0,45	0,49	0,43	0,56
Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (%)	0	0	0	0,64	0	0	0	0,38	0,69
Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter	6,3	6,9	7,1	5,7	6,4	7	7,2	6,4	5
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere	20,6	21,1	21,3	13,5	18	18,2	22,3	19,3	11,5
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere	19,5	14,8	14,9	11,2	12,6	12,8	13	13,1	9,7
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år	70,8	6,8	7,2	47,7	49,6	50,2	35,4	48,1	44,1
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (%)	75	120	100	92,8	61,5	100	100	86,4	93,4

BARNEVERN

Nøkkeltall	Stordal			Kostra- gruppe 04	Norrdal			Kostra- gruppe 06	Landet uten Oslo
	2017	2018	2019	2019	2017	2018	2019	2019	2019
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbygger 0-22 år	3 000	4 569	4 919	6 141	3 501	6 401	6 651	11 456	8 393
Barn med melding ift. innbyggerar 0-17 år (%)	3,3	:	6	3,8	5,2	3,7	3,2	6	4,6
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggerar 0-17 år (%)	5,1	:	6	3,9	6,7	5,5	3,2	6,3	4,8
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggerar 0-22 år (%)	3,9	5,7	5,7	3,1	4	6	6,3	5,7	3,8
Brutto driftsutgifter per barn med undersøking eller tiltak	44 222	57 421	37 150	68 181	28 500	56 645	42 333	75 328	54 769
Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet	4 636	5 267	13 385	20 458	8 800	17 182	18 087	36 558	41 690
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet	:	:	298 000	376 037	164 000	148 000	288 500	435 297	444 076
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk	16,4	19	16,7	13,5	22,7	18,2	17,6	13,7	18,6
Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månader (%)	100	:	88	87	88	94	100	82	88

NAV (SOSIALTENESTA)

Nøkkeltall	Stordal			Norrdal		
	2017	2018	2019	2017	2018	2019
Sosialhjelpsmottakere (antall)	22	17	16	17	15	9
Antall sosialhjelpsmottakere 18-24 år	3	5	:	:	0	0
Sosialhjelpsmottakere med sosialhjelp i 6 måneder eller mer	4	4	:	:	:	3
Sosialhjelpsmottakere med arbeidsinntekt som hovedinntekt	3	:	3	3	:	..
Sosialhjelpsmottakere med sosialhjelp som viktigste kilde til livsopphold	11	10	7	..	:	4
Sosialhjelpsmottakere som bor i eid bolig	7	4	5	:	3	:
Antall barn i familier som mottok sosialhjelp	7	5	7	9	7	4

KULTUR (KULTUR/ BARNE- OG UNGDOMSTILTAK)

Nøkkeltall	Stordal			Kostra- gruppe 04	Norrdal			Kostra- gruppe 06	Landet uten Oslo
	2017	2018	2019	2019	2017	2018	2019	2019	2019
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	2,4	3,7	4,3	3,8	3,6	3,5	3,3	3,3	4,1
Netto driftsutgifter til idrett i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	0,4	1,6	1,7	1	1,3	2,4	1	0,9	1,4
Netto driftsutgifter til barn og unge i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	0,7	0,8	0,9	0,9	0,8	0,9	0,8	0,8	0,8
Netto driftsutgifter til allmenn kultur (1000 kr)	1 130	1 087	1 550	24 311	2 055	313	2 261	130 846	5 506 838
Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbygger (kr)	2 076	3 140	4 079	3 303	3 063	3 136	3 233	3 324	2 549
Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbygger (kr)	-	680	888	1 582	925	-	246	2 018	1 270
Besøk i folkebibliotek per innbygger (antall)	3	3	3	5	3	5	3	3	5
Besøk per kinoforestilling (antall)	21,6	21,5	21,6	16,9	18	25,5
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole (prosent)	34,9	37,9	39,2	21,9	32,5	30,4	28,1	28,4	13,8
Omløpshastighet for bøker (antall)	0	0	0	0	0	0	0	0	1
Brutto driftsutgifter til folkebibliotek (1000 kr)	464	392	448	7 094	945	896	1 101	49 603	1 565 876

PSYKISK HELSE OG RUS

Nøkkeltall	Stordal 2019	Kostra- gruppe 04 2019	Norrdal 2019	Kostra- gruppe 06 2019	Landet uten Oslo 2019
Brutto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)	0	83,1	0	297,5	635
Netto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)	0	55,2	0	169,7	542,3
Andel netto driftsutgifter til tilbud til personer med rusproblemer (prosent)	0	2,5	0	4,1	13,9
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (helse- og omsorg) (antall)	0	6,6	6,2	7,1	4,9
Årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)	21,3	12	12,4	12	9
Årsverk av personer med videreutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)	0	0,7	0	5	3,2
Andel nyinnflyttede med psykiske problemer (prosent)	:	:	:	6	9
Andel nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere (prosent)	:	11	:	2	7
Andel nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser (prosent)	:	:	:	4	7
Andel med psykiske lidelser på venteliste (prosent)	:	:	:	:	..
Andel rusmiddelmisbrukere på venteliste (prosent)	:	:	:	:	..
Andel rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser på venteliste (prosent)	:	:	:	:	..
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmisbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)	0	0	0	0,6	1,6
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmisbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere (antall)	0	0	0	0,4	1
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmisbrukere per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)	0	2,3	0	3	2
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmisbrukere per 10 000 innbyggere (antall)	0	1,4	0	1,8	1,3

TEKNISKE TENESTER (PLAN, BYGGESAK OG MILJØ)

Nøkkeltall	Stordal			Kostra- gruppe 04	Norddal			Kostra- gruppe 06	Landet uten Oslo
	2017	2018	2019	2019	2017	2018	2019	2019	2019
Reguleringsplaner vedtatt i alt (antall)	-	-	-	5	2	2	-	53	1 392
Andel av reguleringsplanene som ble møtt med innsigelser (prosent)	..	100	100	40	100	18	26
Byggesøknader i alt behandlet (antall)	36	30	22	418	51	30	22	2 727	71 711
Behandlede byggesøknader med 3 ukers frist (antall)	29	5	-	308	49	3	2	1 053	29 786
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist (dager)	15	14	5	13	20	19	21	20	18
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (dager)	30	31	..	31	15	21	..	34	37
Andel av innvilgete byggesøknader som skjer gjennom vedtak om dispensasjon fra plan (prosent)	..	3	5	4	13	17
Tilsyn for byggevirksomhet som er unntatt søknadsplikt (antall)	0	0	0	5	1193
Søknader om nye bygninger i strandsonen som ble innvilget (antall)	0	2	85	884
Andel av søknader om nye bygninger i LNF-/LNFR-områder som ble innvilget (prosent)	100	92	95
Andel av søknader om tiltak i freda eller verneverdige områder / bygninger som ble innvilget (prosent)	47	50	50	46
Selvkostgrad i byggesaker (prosent)	50	46	..	44	34	70	83
(antall)

KLIMA OG ENERGI

Nøkkeltall	Stordal			Kostra- gruppe 04 2019	Norddal			Kostra- gruppe 06 2019	Landet uten Oslo 2019
	2017	2018	2019		2017	2018	2019		
Energiutgifter per m2 (fylkes)kommunalt eide bygg (kr)	22	102	108	121	89	121	116	148	134
Energiutgifter som andel av brutto driftsutgifter (prosent)	0,22	1,01	1,01	0,94	0,82	1,02	0,92	0,99	0,71
Andel av energikostnader i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning brukt på fornybare energikilder (prosent)	100	100	100	99,8	100	100	100	98	96
Energibruk per m2 eid areal (kWh)	72	122	124	114	129	142	164	184	154
Andel elektrisitetsforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	100	100	100	93	57	55	57	94	83
Andel fjernvarmeforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	0	0	0	6	43	45	43	2	13
Andel oljeforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	0	0	0	1	0	0	0	2	1
Andel naturgassforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	-	-	-	-	-	-	-	2	1
Andel bioenergiforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	-	-	-	-	-	-	-	-	2
Andel fornybarforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	100	100	100	98	87	87	99	96	96
Utslipp av CO2 knyttet til energibruk (g/kWh)	-	-	-	2	-	-	-	9	4

KJELDER

Det er mellom anna sett på følgjande dokument som grunnlag for ROV:

- Kommuneplanar – samfunnsdelen – både Norddal og Stordal
- Planstrategi 2017-2020, [for både Stordal og Norddal](#)
- Planprogram ny kommuneplan 2020-2024
- Delegeringsreglement [vedteke 19.12.2019](#)
- Reglement for politiske råd og utval, [vedteke 30.10.2019](#)
- Eigedomsskattevedtekter, [vedtekne 19.11.2019](#)
- Ethiske retningsliner for folkevalde og tilsette i Stordal
- Heilskapleg ROS-analyse for Fjord kommune (2019)
- Overordna beredskapsplan (2020)
- Tema- og sektorplaner
 - Smittevernplan for Stordal kommune, [revidert 2017](#)
 - Ruspolitisk handlingsplaner 2016-2020, [for både Stordal og Norddal](#)
 - Energi- og klimaplanar, [frå 2009 for både Stordal og Norddal](#)
 - Kulturplan 2016-2020, [Norddal](#)
 - Strategisk næringsplan 2016-2026, [Norddal, vedteken 23.06.2016](#)
- Digitaliseringsstrategi
- Budsjett og økonomiplan 2020 (2020 til 2023)
- Rekneskap og Årsmeldingar 2019
- Tertialrapport 1.tertial 2020
- Tilsynsrapporter fra statlige tilsynsmyndigheter (siste tre år)
- KOFA avgjersler (siste 3 år)
- Vedtekter næringsfond

Eit utval av statistikk er m.a. henta frå følgjande kjelder:

- Statistikk frå årsmelding
- Statistikk frå SSB, KOSTRA
- Statistikk frå GSI (Grunnskolen Informasjonssystem)
- Anna aktuell statistikk